



* Fire studentar frå høgskulen står bak videoen som skal følge singelen «Fredag», og er godt nøgde med innsatsen til sjuandeklassingane.



* Ingen tvil om at kontakten er god mellom Eirik Songnes og Jarle Isene. Songnes har berre godord å seie om Jarle og resten av ungdommane som har bidrege.

Musikkvideo med lokal vri

Lokale krefter trår til når Eirik Songnes platedebuterer. Jarle Isene (12) og Julijane Vasbotn Remmereit (12) har hovudrolle og koreografi på musikkvideoen til singelen «Fredag».

Eirik Songnes slapp sin første singel på måndag, og har satsa på lokale krefter på videoen til songen «Fredag». Jarle Isene og ein gjeng frå 7 A og B ved Øyra skule har vore rundt om i Volda og filma.

Skryt

Ungdommane får mykje skryt for innsatsen, både frå Songnes sjølv og frå gjengen som har filma.

– Dei har vore flinke. Eg og bandet vert bifigurar i videoen, og det er ein søt historie om Jarle som går og ventar til fredagen kjem og han kan gå på disko. Dei har dansa så sveitten rann, smiler Songnes.

– Jarle er ein veldig allsidig fyr, han har noko med seg. Eit glimt i auget, og er veldig mogen

framfor kamera. Han veit kva som fungerer. Born er naturlege skodespelarar, seier Songnes vidare.

Jarle sjølv skryter av låten til Songnes.

– Låten er artig, eg har den på mobilen og høyrer på den ofte, fortel Jarle. Men dansinga var litt vanskelegare enn eg trudde, må han innrømme.

– Eg er spent på å sjå det ferdige resultatet, seier han.

Han har samarbeida godt med Julijane Remmereit i klassen, som har laga koreografien.

– Dansinga har gått greitt, dei har vore flinke. Om det har vore vanskeleg å lage koreografien? Nei, ikkje spesielt. Eg har lært mykje om det på ballettskulen, fortel ho. Både ho og Jarle har fleire år bak seg i Ørsta/Volda ballettskule.

Spent artist

Sognes fortel at han har gjeitt nesten full kontroll til regissørane av videoen, som er ein gjeng studentar frå høgskulen.

– Å produsere video på eit studentbudsjett er ei utfordring, men



* Kent Sæterøy viser Jarle Isene og Julijane Vasbotn Remmereit kvar dei skal stå for at filminga til Tore Åfær skal verte best mogleg.

folk i miljøet er flinke til å stille opp. Det har vorte ein god dugnadskultur i miljøet og folk er ivrige til å bidra, seier han.

– Det einaste eg har sett ned foten på, er å gå ned gata med kamera framfor meg, ler han.

– Låten har vore ferdig ei stund, så det vert herleg å få sleppe singelen. Det er både spenning og ein læringsprosess, men eg er overraska over kva grad eg har hatt is i magen, seier han. Låten er godt kjent for voldingane, etter å ha vorte framført både på Exit Volda og på Dokfilm.

– Eg har fått gode tilbakemeldingar, seier han. Neste vår vonar han at det vert ein EP, kanskje ein full CD. Men sommaren vert ikkje brukt til spelejobbar.

– Nei, eg er faktisk fullbooka

med jobb. Eg må skaffe inntekter. Men seinare i sommar kjem eg og held bandskule for born her i Volda, seier Songnes.

Ligg ute

Singelen vart sleppt måndag og ligg allereie på YouTube.

✉ RENATE FURRE HENRIKSEN-SANDVÆR



Bustad!

Stort utval av nye bustadar!
Sjå vår nettside: www.dinbolig.no

NORGESHUS
Din Bolig as